



Lars Johan Myklebust er både spelar og trenar på Rosendal. (Foto: Grenda)

**Sundag er det seriestart i fotball og Rosendal med 3 uskedelinger i stallen opnar med bortekamp mot Baune 2 i 5. divisjon.**

**Dei 3 er Tommy Røssland, Anders Bakke Berntsen og Lars Johan Myklebust - den siste både som trenar og spelar.****Det har vore ein lovande opptakt, men noko konkret mål om tabellplassering har dei ikkje.**

29-åringen som har flytta heim til Uskedalen har ein solid bakgrunn fotballfagleg. Han har vore assistenttrenar for Norheimsund og Brann 2, trenar for juniorlaget og gutelaget til til Brann og Åsane sitt damelag i senior.

Lars Johan sette svært strenge vilkår før han sa ja til trenarjobben, mellom anna at minst 18 spelarar ville satsa. Det er no 32 i stallen. Målet til Myklebust for treningsframmøtet har vore eit snitt på 15 og dei ligg godt an i høve til det. Er ein spelar ikkje på trening i veka før ein kamp, får han ikkje spela.

Andre krav han stilte for å ta jobben var klar beskjed om forfall på trening, aksept av reglar for ikkje å stilla, at alle er på trening for å bli betre, at dei har respekt for kvarandre og for at fotball er eit lagspel.

Sterk fokusering på det positive har prega treninga. Anten det er kamp eller trening håndhelsar spelarar, trenarar og leiarar på kvarandre når dei møtest første gong for dagen. Det skaper ekstra godt samhald. Alle beskjedar bør ha eit positivt fokus. Språkbruken er eit anna ømt punkt. Banning i laget blir løna med armhevingar.

Trenaren er godt fornøgd med resultatet så langt. Han seier til Kvinnheringen at han er positivt overraska over kor interesserte spelarane er i at dei skal operera som eit felles lag.

Av Ola Matti Mathisen